



Møteinkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjekontoret

Dato: Torsdag 20. september 2018

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem N.B. Ord for dagen
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Fridleif Lydersen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 14. september -2018

Sigrid Marie Fangel Harald Rydland

Soknerådsleiar Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for communal representant
S-45/18	Revisjonsmelding for 2017	X
S-46/18	Rekneskap for januar – august 2018	X
S-47/18	Budsjett for 2019	X
S-48/18	Referat frå sist møte	X
S-49/18	Meldingssaker	X
S-50/18	Open post	X
S-51/18	Arrangement i kyrkja sin regi	



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 45/18: Revisjonsmelding for 2017

På grunn av knapp kapasitet på økonomiaavdelinga til Fitjar kommune, vart ikkje rekneskapet endeleg oppgjort og revidert før sommarferien. Revisjonsmeldinga er no lagt fram. Resultatet, som soknerådet disponerte i siste møte før sommaren, har ikkje vorte endra i siste fase av revisjonen.

Revisor har i brev til soknet peika på to forhold som han ber soknerådet merka seg:

1. Rekneskapet er ikkje lagt fram innan lova sin frist som er 1. april.
2. Revisor meiner at arbeidet med økonomiforvaltninga i soknet bør fordelast på fleire personar for å unngå risiko for feilutbetalingar som kan medføra tap og andre negative fylgjer.

Kyrkjeverja sin kommentar til desse merknadane er at kapasitetsproblem på økonomiaavdelinga til kommunen gjer at dei ikkje kunne ha soknet sitt rekneskap klart innan den lovpålagde fristen. Når det gjeld merknaden om arbeidsfordeling i økonomiarbeidet, er det vanskeleg å få gjort så mykje med dette når det kun er ein person i 50 % stilling som arbeider med administrasjon og økonomi i soknet. Når det er sagt, har me ei arbeidfordeling mellom kyrkjeverja og medarbeidarar på kommunen si økonomiaavdeling som bør redusera risikoen for feilutbetalingar.

Meir informasjon om saka vert lagt fram i møte.

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokneråd tar revisjonsmeldinga for 2017 til vitande. Disponeringa av overskotet på kr. 404.883,-, som soknerådet føretok i møte den 13 juni, vert ståande.

Soknerådet ber om at kyrkjeverja i samråd med revisjonen, ser på korleis ein kan imøtekoma dei merknadane som ligg i revisjonsmeldinga.

Sak 46/18: Rekneskap for januar – august 2018

Rekneskapet for januar – august er no ført og er i rapportane sett opp mot periodisert budsjett. Informasjon om rekneskapet vert lagt fram i møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek rekneskapsrapporten for januar – august 2018 til orientering.

Sak 47/18: Budsjett for 2019

Kyrkjeverja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2019. Når soknerådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev. Rådmannen lagar framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2019 som skal leggjast fram for endeleg politisk behandling i desember. I rådmannen sitt budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske behandlinga.

Når kommunestyret har vedteke det endelige budsjettet for 2019, må soknerådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løvd.

I kyrkja er det løn til medarbeidararane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar me hadde i budsjettet i 2017 og 2018, og kva stillingar me etter planen skal ha i 2019.

Stillings	2019	2018	2017	Merknad
Kyrkjeverje	0,50	0,50	0,50	
Kantor	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydsprest / barne- og ungdomsprest		1,00	1,00	
Trusopplærar	0,80		0,50	
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,60	
Kyrkjetenar/reinhaldar	0,20	0,20	0,40	
Administrativ ressurs	0,35	0,60		Evt. ny eller auka stilling
Sum	3,00	3,45	3,65	
Klokkar på gudstenestene				Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar				Frivillig arbeid



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Nedanfor er det kommentarar til ein del postar som rådet bør merka seg.:

1. For at budsjettframlegget skal gå i hop, treng me eit kommunalt tilskot på kr. 2.648.700,-. I 2018 er det kommunale tilskotet på kr. 2.460.400,-.
2. Avdelinga for administrasjon er i budsjettframlegget styrka med 35 % stilling til kontorhjelp. Mykje av denne kontorhjelpana er tiltenkt prestetenesta som vil ha mindre ressursar enn tidlegare. Stillinga som kyrkjeleverje er framleis 50 %.
3. For kyrkjeavdelinga er det lagt inn lønnsmidlar til 65% kantor, 10% kyrkjetenar/reinhaldar og 10 % kyrkjetenar/vaktmeister. Elles er det lagt inn ressursar til maling og vedlikehald av tårnet på kyrkja m.m. med kr. 160.500,-
4. På bakgrunn av soknerådet sitt vedtak på møte i juni er det ikkje lagt inn ressursar på avdeling for kyrkjelydsprest for året 2019
5. Tilskotet til trusopplæring, som me får overført frå bispedømet, er på om lag 290.000,-. Dette skal dekka både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. No er det tilsett trusopplærar i 80 % stilling som etter planen vil vera i funksjon heile 2019. For å få fullfinasert trusopplæringa er det lagt opp til at kr. 200.000 av det kommunale tilskotet til klokkar og kyrkjetenar vert overført til trusopplæring. Vidare er det lagt inn ei forventning om vel kr. 60.000,- i gåver til dette arbeidet.
6. Når det gjeld investering, må det leggjast inn midlar til fornying av gravfelt D, i tråd med planen som er utarbeid av Akasia, samt etablering av namna minnelund. Her ventar me kostnadsoverslag frå Akasia, som kan brukast som grunnlag i investeringsbudsjettet. Utanom dette er det ikkje større investeringsprosjekt som står for døra i nærmeste framtid.

Fleire detaljar om budsjettet vil verta gjennomgått på møte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Sak 48/18: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 30. august 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 30. august 2018.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 49/18: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Arbeid med gudstenesteplan for 1. halvår 2019
2. Inspirasjonssamling for sokneråd i Bjørgvin bispedøme
3. Møteplan for soknerådet
4. Informasjon om personalsituasjonen i kyrkja
5. Internasjonal helg i Fitjar
6. Vedlikehaldsarbeid på kyrkja
7. Prostidag i Sveio, påmelding

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 50/18: Open post

Sak 51/18: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, trusopplæring m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa. Soknerådet bør og sjå på kva som skal arrangerast i nærmeste framtid for å sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.